

Avtale

**Samarbeid mellom Barnevernstenesta
og tannhelsetenesta i Hordaland.**



”Tenner for livet”

Avtalen er utarbeid i samarbeid mellom



Avtalen er kvalitetssikra av Sogn barnevern.



Samarbeid mellom Barnevernstenesta og tannhelsetenesta i Hordaland.

Tannhelsetenesta har meldeplikt til barnevernstenesta.

FN sin barnekonvensjon:

Staten skal beskytte barnet mot fysisk eller psykisk mishandling, forsømming eller utnytting frå foreldre eller andre omsorgspersonar.

Lokale forskjellar i det landsdekkande tannhelsetilbodet og følgjeleg sosial ulikskap mht tannstatus.

Barneombodet er svært bekymra for denne ulikskapen og for at dei som blir utsett for overgrep eller omsorgssvikt ikkje blir oppdaga. Barneombodet ynskjer ei tannhelseteneste som ivaretar og gir likt tilbod utan omsyn til bustad og sosial status. Tannhelsetenesta har anledning til å sjå alle barn, og i samband med tannbehandling har tannhelsepersonellet høve til å avdekke omsorgssvikt og overgrep mot barn.

Fylkeskommunane Rogaland, Sogn og Fjordane, Hordaland og Medisinsk Odontologisk fakultet Universitetet i Bergen ynskjer å gje alle barn og unge eit likeverdig tilbod, og har i samarbeid med barnevernstenesta og Statens barnehus i Bergen utarbeidd samarbeidsavtalar mellom barnevernstenesta og tannhelsetenesta i Hordaland. Vidare har ein utarbeidd rutinar og retningslinjer for å avdekke omsorgssvikt og overgrep.

Tannhelsetenesta i Hordaland skal i følge Lov om tannhelsetenester drive oppsøkjande verksemd, førebygging og behandling retta mot alle barn og unge frå 0 – 18 år.

I Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.§ 1-1 nummer 5 står det at formål med lova er å sikre samhandling og at tenestetilbodet blir tilgjengeleg for pasient og brukar, samt sikre at tilbodet er tilpassa den enkelte sitt behov.

Vidare i § 3-1 fyrste ledd står det at kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen blir tilbudd nødvendige helse- og omsorgstenester. § 3-4, pålegg kommunane ei plikt til samhandling og samarbeid. M.a. skal kommunen samarbeide med fylkeskommune, regionalt føretak og stat sånn at helsetenestene i landet best mogleg kan verke som ei eining.

For å kunne ivareta lovkrav og helsepolitiske mål, er forpliktande samarbeid mellom forvaltningsnivåa naudsynt. Eit godt tilbod er avhengig av eit nært og forpliktande samarbeid mellom fylkeskommunale og kommunale tenester. Samarbeidet kan best sikrast gjennom skriftlege avtalar mellom partane, der ansvar og oppgåver er tydeleg fordelt og definert.

Innhold:

Mål for tannhelsetenesta i Hordaland sitt virke	5
Lover og regelverk	6
Samarbeidsavtale mellom barnevernstenesta og tannhelsetenesta i Hordaland	7

Vedlegg:

1. Tannhelsetenesta sine prosedyrar for innkalling av pasientar 0 til og med 15 år, som ikkje møter til avtala time.	s.12
2. Tannhelsetenesta sine prosedyrar for innkalling av pasientar 16 til og med 18 år, som ikkje møter til avtala time.	s.13
Brevmalar	
■ IKKJE-MØTT BREV	s.14
■ INFORMASJON TIL FØRESETTE	s.15
■ INFORMASJON FRÅ TANNKLINIKKEN vedrørande pasient over 16 år som ikkje har møtt til tannbehandling.	s.16
■ BEKYMRINGSMELDING TIL BARNEVERNET vedrørande pasient som ikkje møter til tannbehandling.	s.17
3. Tannhelsetenesta i Hordaland sine prosedyrar for sending av bekymringsmelding ved mistanke om at pasient (0 til 18 år) er utsett for omsorgssvikt.	s.18
Brevmal	
■ BEKYMRINGSMELDING TIL BARNEVERNET Mistanke om omsorgssvikt.	s.19
4. Forslag til spørsmål barnevernstenesta kan stille tannhelsetenesta i ein undersøkingsfase.	s.20

Mål for tannhelsetenesta i Hordaland sitt virke:

Målgruppe: Barn og unge frå 0-18 år.

Mål: Etablere gode rutinar mellom barnevernstenesta og tannhelsetenesta for å kunne avdekke omsorgssvikt og overgrep mot barn og unge.

Samarbeidet og rutinane må sikra at barna sin integritet blir ivaretatt. Behandling og oppfølging må tilretteleggast på ein god måte som fører til det beste for barnet.

Delmål: Sikra tverrfagleg samarbeid og auka kompetanse på begge tenestenivå.

Dette inneber at:

- tannhelsepersonell har kompetanse til å gjenkjenne symptom i munnhole og åtferds- mønster som mellom anna kan tyda på seksuelle overgrep, omsorgssvikt og spiseforstyrningar.
- tannhelsetenesta må synleggjera sin kompetanse og bidra med den.
- tannhelsetenesta er inkludert i eit større tverrfagleg samarbeid og gjort kjent med dei fagmiljø som er etablert i kommunen. Barnevernstenesta må leggje til rette for at tannhelsetenesta blir integrert i samarbeidet.
- helsefremjande og førebyggjande tiltak vert sett i verk.

Barnevernstenesta og tannhelsetenesta har ulik organisering og er for-ankra på forskjellige forvaltningsnivå. Det betyr samarbeid på tvers av sektor og tenestegrense.

Arbeidet på tvers av sektorane blir i hovudsak styrt / regulert av følgjande regelverk:

Lover og regelverk

Lov om tannhelsetjenesten. LOV-1983-06-03-54

§ 1-3, 1. ledd bokstav a. Barn og ungdom fra fødsel til og med det året de fyller 18 år.

Lov om barnevernstjenester LOV 1992-07-17 nr 100

§ 6-4 Opplysningsplikt til barnevernet

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. LOV-2011-06-24-30

- § 1-1 Lovens formål
- § 1-2 Lovens virkeområde
- § 2-1 Forholdet til helsepersonelloven
- § 3-1 Kommunens overordnede ansvar for helse- og omsorgstjenester
- § 3-2 Kommunens ansvar for helse- og omsorgstjenester
- § 3-3 Helsefremmende og førebyggende arbeid
- § 3-4 Kommunens plikt til samhandling og samarbeid
- § 4-1 Forsvarlighet.
- § 7-1 Individuell plan.

Lov om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten m.m. LOV-1984-03-30-15

§ 3 Plikt til å opprette internkontrollsystem og tilsyn med at det føres internkontroll.

Lov om pasient- og brukerrettigheter. LOV-1999-07-02-63

- Kap. 2 Rett til helse- og omsorgstjenester og transport.
- Kap. 3 Rett til medvirkning og informasjon.
- Kap. 4 Samtykke til helsehjelp.
- Kap. 5 Rett til journalinnsyn.
- Kap. 6 Barns særlige rettigheter

Lov om helsepersonell m.v. LOV-1999-07-02-64

- § 21 Hovedregel om taushetsplikt
- § 21a. Forbud mot urettmessig tilegnelse av taushetsbelagte opplysninger
- § 25 Opplysninger til samarbeidende personell

Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker. LOV 1967-02-10 nr 00

§13 Taushetsplikt

Lov om folkehelsearbeid. LOV 2011-06-24 nr 29

- Kap. 2 Kommunens ansvar
- Kap. 4 Fylkeskommunens ansvar

Samarbeidsavtale mellom barnevernstenesta og tannhelsetenesta i Hordaland

.....kommune

Målgruppa:

Barn og unge mellom 0-18 år.

Barnevernstenesta sitt ansvar:

1. Delta på samarbeidsmøte med tannhelsetenesta i Hordaland.
2. Inngå skriftleg samarbeidsavtale med tannhelsetenesta i Hordaland.
3. Kjenne til tannhelsetenesta i Hordaland sine rutinar for innkalling, informasjon til føresette og sending av bekymringsmelding.
4. Vere tilgjengeleg for tannhelsetenesta i Hordaland med råd og rettleiing i saker der det er mistanke om at eit barn kan vere utsett for vald, misbruk eller andre former for alvorleg omsorgssvikt. Også i saker der ein er usikker på grad av bekymring, kan barnevernstenesta gje råd og rettleiing. Drøftingar i enkelt-saker skal vere anonyme inntil det føreligg ei bekymringsmelding til barnevernet.
5. Barnevernstenesta skal gje tilbakemelding til den som melder. Tilbakemeldinga skal sendast seinast innan tre veker etter at meldinga er motteke. Tilbakemelding kan unnlatast i tilfeller der meldinga er klart ugrunna eller der andre særskilte omsyn veg imot å gje tilbakemelding (Lov om barnevernstenester § 6-7a). Tilbakemeldinga skal bekrefte at meldinga er motteken. tannhelsetenesta i Hordaland skal òg opplysast om det er opna sak etter barnevernstenesta § 4-3. Dersom det er opna sak skal tannhelsetenesta ha ny tilbakemelding om at undersøkinga er gjennomført. Den nye tilbakemeldinga skal innehalde opplysningar om saka er lagt bort eller om barnevernstenesta følgjer opp saka vidare.

Tannhelsetenesta i Hordaland sitt ansvar:

1. Årleg innkalling til samarbeidsmøte mellom barnevernstenesta og tannhelsetenesta i Hordaland og skrive referat frå møta.
(Skriftleg innkalling med sakliste.)
2. Inngå skriftleg samarbeidsavtale med barnevernstenesta.
3. Informere barnevernet om tannhelsetenesta i Hordaland sine rutinar for innkalling, informasjon til føresette og sending av bekymringsmelding.
4. Informere barnevernet om relevante opplysningar som kan innhentast frå tannhelsetenesta (Sjå vedlegg side 19). Besvare konkrete spørsmål frå barnevernet som er relevant for saka det gjeld.
5. Gjera personalet i tannhelsetenesta i Hordaland kjent med kontakt- team og telefonnr. til barnevernstenesta i sitt område/ distrikt.

Kontakt-team: _____

Tlf.: _____

6. Tannhelsepersonell skal på eige initiativ senda bekymringsmelding til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at eit barn blir utsett for vald, overgrep eller andre former for alvorleg omsorgssvikt.
7. Utan hinder av teieplikta skal helsepersonell av eige tiltak gje opplysningar til barnevernet når det er grunn til å tru at barnet blir mishandla i heimen eller at det føreligg andre former for alvorleg omsorgssvikt. Jf. lov om barnevernstenester §4-10, §4-11, §4-12. Det same gjeld barn med vedvarande åtferdsvanskar jf. nemnde lov§4-24.

I saker der ein er usikker på grad av bekymring, kan barnevernstenesta gje råd og rettleiing. Drøftingar i enkeltsaker skal vere anonyme inntil det føreligg ei bekymringsmelding til barnevernet.

Avtale tilpassing

Denne sida kan nyttast dersom ein ynskjer endringar eller tilpassingar i avtalen.



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Avtalen må reviderast ved endring i lovverket, organisering og anna som er avgjerande for samarbeidet. Avtalen må gjennomgåast årleg og skal gjelda fram til ny avtale blir utarbeidd og teken i bruk.

For Kommunal barnevernsteneste

For tannhelsetenesta i Hordaland

Dato: _____

Dato: _____

Namn: _____

Namn: _____

Tannhelsetenesta sine prosedyrar for innkalling av pasientar **0 til og med 15 år**, som ikkje møter til avtala time.

Recall 1:

Telefon/ oppspore pasient/ journalfør

Ikkje fått kontakt:

Send "Ikkje-møtt brev".

Individuell vurdering av innkallingsintervall, maksimum 12 mnd.

Journalfør.

Recall 2:

Telefon/ oppspore pasient/ journalfør

Ved kontakt:

Informert om at Tannhelsetenesta i Hordaland tilrettelegg for pasientar som av ulike grunnar synes det er vanskeleg å møte.

Ikkje fått kontakt med pasient (0 til og med 15 år):

Send brev "Informasjon til føresette" med informasjon om at det blir sendt bekymringsmelding til barnevernet dersom tannklinikken ikkje høyrer frå dei innan 4 veker.

- Send e-post med journalnummer til klinikksjef
- Send kopi av anonymisert "Informasjon til føresette" brev til ressursperson i tannhelsetenesta i Hordaland
- Registrer "Informasjon til føresette" (0 til og med 15 år) i Opus, under personalia og tilhører gruppe: "informasjon til føresette".

Framleis ikkje kontakt med pasient (0 til og med 15 år) etter 4 veker send:

"Bekymringsmelding" vedrørende pasient som ikkje møter til tannbehandling til:

- barnevernet.

Kopi av "Bekymringsmelding" til:

- føresette

Kopi av anonymisert "bekymringsmelding" til:

- ressursperson
- e-post med journalnummer til klinikksjef
- Registrer bekymringsmelding i Opus, under under personalia og tilhører gruppe: "bekymringsmelding"

I saker der ein er usikker, kan ressursperson i tannhelsetenesta i Hordaland samt barnevernstenesta gje råd og rettleiing. Drøftingar med ressursperson i tannhelsetenesta skal vera anonyme. Drøftingar med barnevernet skal vera anonyme inntil det føreligg ei bekymringsmelding til barnevernet.

Tannhelsetenesta sine prosedyrar for innkalling av pasientar **16 til og med 18 år**, som ikkje møter til avtala time.

Det skal *ikkje* sendast varsel til føresette på born 16 til 18 år som ikkje møter til avtala time jamfør: Helsepersonell har som hovudregel taushetsplikt overfor pårørande til pasientar som er over 16 år, jf. Pasient- og brukerrettighetsloven §3-4. Dette inneberer at foreldre i utgangspunktet ikkje skal ha informasjon om at et barn over 16 år ikkje møter til time hos tannhelsetenesta. Det er unntak frå dette dersom det er snakk om barn mellom 16 og 18 år som ikkje har samtykkekompetanse, jf. Pasient og brukerrettighetsloven § 4-5.

Recall 1:

Telefon/ oppspore pasient.
Journalfør

Ikkje fått kontakt:

Send "Ikkje-møtt brev".

Individuell vurdering av innkallingsintervall, maksimum 12 mnd.

Journalfør.

Recall 2:

Telefon/ oppspore pasient.
Journalfør

Ved kontakt:

Informert om at Tannhelsetenesta i Hordaland tilrettelegg for pasientar som av ulike grunnar synes det er vanskeleg å møte.

Ikkje fått kontakt med pasient (16 til og med 18 år):

Send brevet: Informasjon frå tannklinikken pasient over 16 år.

Individuell vurdering av innkallingsintervall, maksimum 12 mnd.

Journalfør.

IKKJE-MØTT BREV

møtte ikkje til avtalt tid hjå tannhelsetenesta i Hordaland

Tannklinikk: _____

Dato og klokkeslett _____

Tannpleiar/tannlege _____

Dersom du ynskjer ny timeavtale må du sjølv kontakta tannklinikken.
Dersom vi ikkje høyrer frå deg, vil du få tilbod om ny time hjå oss innan 1 år.

Om det er særskilte grunnar til at du syns det er vanskeleg å møta opp, ber vi deg gje beskjed.
Vi vil prøve å leggje til rette for dine ynskjer.

Med venleg helsing

Tannklinikken _____

Tannlege/tannpleiar/klinikk _____

INFORMASJON TIL FØRESETTE

vedrørende pasient under 16 år.

Pasientens navn

Pasientens fødselsår: _____

Tannhelsetenesta i Hordaland skal gje regelmessig og oppsøkjande tilbod til barn og ungdom frå 0 -18 år.

Vi har ved fleire høve registrert at barnet dykkar ikkje har møtt opp til avtalt time hjå oss. Det var sett opp avtalar hjå oss:

Vi har prøvd å kontakta dykk på telefon og sendt brev til dykk om dette, men har ikkje oppnådd respons. Tannklinikken har heller ikkje motteke opplysningar om at barnet får tannbehandling ved annan tannklinikk.

I fylgje Lov om tannhelsetenester er det vårt ansvar å medvirka til at våre pasientar får tannbehandling samt ivareta oppfølging av generell tannhelse.

Tannhelsetenesta i Hordaland er no bekymra for at barnet dykkar ikkje får dette tilbodet. Vi tilrettelegg gjerne for pasientar som syns det er vanskeleg å møte til tannbehandling. Det kan også avtalast time for ein samtale.

Vi ber deg/dykk kontakta oss innan 4 veker for timeavtale.

Helsepersonell har meldeplikt til barnevernet dersom det er forhold som vert reagert på. jfr. Helsepersonellova § 33. Om me ikkje høyrer frå deg/dykk ser me oss forplikta til å melda frå til barnevernet.

Vi håpar å høyre frå dykk snart.

Med venleg helsing

Tannklinikken _____

Tannlege/tannpleiar/klinikk _____

INFORMASJON FRÅ TANNKLINIKKEN

vedrørende pasient over 16 år som ikkje har møtt til tannbehandling.

Pasientens namn

Pasientens fødselsår: _____

Tannhelsetenesta i Hordaland skal gje regelmessig og oppsøkjande tilbod til barn og ungdom frå 0 -18 år.

Vi har ved fleire høve registrert at du ikkje har møtt opp til avtalt time hjå oss.
Det var sett opp avtalar hjå oss:

Vi har prøvd å kontakta dykk på telefon og sendt brev til dykk om dette, men har ikkje oppnådd respons. Tannklinikken har heller ikkje motteke opplysningar om at du får tannbehandling ved annan tannklinikk.

I fylgje Lov om tannhelsetenester er det vårt ansvar å medverka til at våre pasientar får tannbehandling samt ivareta oppfølging av generell tannhelse. Born og unge 3 - 18 år har rett på gratis tannhelsetilbod frå Den offentlege tannhelsetenesta. Tannhelsetenesta i Hordaland er no bekymra for at du ikkje får dette tilbodet.

Vi legg gjerne til rette for pasientar som syns det er vanskeleg å møte til tannbehandling.
Det kan også avtalast time for ein samtale.

Vi ber deg kontakta oss innan 4 veker for timeavtale.

Med venleg helsing

Tannklinikken _____

Tannlege/tannpleiar/klinikk _____

Dato: _____

Barnevernstenesta i _____

BEKYMRINGSMELDING TIL BARNEVERNET

- vedrørende pasient (0 til og med 15 år) som ikkje møter til tannbehandling

Tannhelsetenesta har som oppgåve å gje eit oppsøkkande tilbod til barn og ungdom frå 0 til 18 år. I følgje Lov om tannhelsetenester skal tannhelsetenesta i Hordaland syta for at alle barn får nødvendig førebyggjande tannhelseteneste og tannbehandling.

Viser til Lov om Helsepersonell § 33.

Tannhelsetenesta er pålagt opplysningsplikt til barnevernet, tiltak har heimel i lov om helsepersonell §33

Vi er no bekymra for dette barnet og den vidare utviklinga av tannhelsa.
Sender med dette ei bekymringsmelding om fylgjande pasient:

Namn: _____

Fødselsnummer: _____

jente gutt Fødselsår: _____

Adresse: _____

Føresette: _____

Denne pasienten har ved fleire anledningar ikkje møtt til avtalt time.
I følgje journal har pasienten ikkje møtt på fylgjande datoar:

Det er forsøkt tatt kontakt pr. telefon og sendt brev til føresette, utan å oppnå respons.
Det er heller ikkje mottatt nokon opplysningar om at barnet får behandling ved annan tannklinikk.

Med vennleg helsing tannklinikken _____

Telefon: _____

Tannlege/tannpleier _____

Tannhelsetenesta i Hordaland sine prosedyrar for sending av bekymringsmelding ved mistanke om at pasient (0 til 18 år) er utsett for omsorgssvikt.

- **Føresette skal ikkje kontaktast eller ha kopi av bekymringsmelding** dersom det er mistanke om overgrep eller barnemishandling på grunn av fare for tap av bevismateriale.
- Kontakt kommunalt barnevern eller politi dersom objektive funn, åtferdsending eller avvikande forklaring gir grunn til mistanke om overgrep eller barnemishandling
- Journalfør funn objektivt, nøyaktig og balansert.
- Beskriv pasienten si åtferd. Det treng ikkje vera atypisk åtferd.
- Dersom funna berre er kliniske, skal dette dokumenterast.
- Ta kliniske bilde.
- Send "Bekymringsmelding til barnevernet, mistanke om omsorgssvikt."
- Send anonym kopi av bekymringsmelding til tannhelsetenesta i Hordaland sin ressursperson.
- Send e-post med journalnummer til klinikksjef.
- Registrer melding i Opus under personalia og tilhører gruppe: "bekymringsmelding"
- **Ivaretagelse av søsken og psykisk utviklingshemmede.**
I saker som omhandlar ulike former for mishandling og omsorgssvikt skal ein alltid ta i betraktning at det kan være fleire i ein familie som lever under uverdige forhold. Det er viktig at en har ekstra merksemd retta mot søsken til barn som en mistenker har vert utsett for mishandling og/eller omsorgssvikt. Forsking viser at psykisk utviklingshemma er ein gruppe som er spesielt utsett for å oppleve mishandling og omsorgssvikt, derfor skal ein som tannhelsepersonell ha ekstra merksemd retta mot denne pasientgruppa.
- **Klinikksjef har det overordna ansvaret for alle pasientar tilhøyrande klinikken**
og har dermed ansvar for ivaretaking av søsken i saker som omhandlar bekymring.

Dato: _____

Barnevernstenesta i _____

BEKYMRINGSMELDING TIL BARNEVERNET

Mistanke om omsorgssvikt (Pasientar 0 til 18 år.)

Tannhelsetenesta har som oppgåve å gje eit oppsøkjande tilbod til barn og ungdom frå 0 til 18 år. I følgje lov om Tannhelsetenester skal tannhelsetenesta i Hordaland syta for at alle barn får nødvendig førebyggjande tannhelseteneste og tannbehandling.

Viser til Lov om Helsepersonell § 33.

Tannhelsetenesta er pålagt opplysningsplikt til barnevernet, tiltak har heimel i lov om helsepersonell §33

Vi sender med dette ei bekymringsmelding om fylgjande pasient:

Namn: _____

Fødselsnummer: _____

Jente Gutt Fødselsår _____

Adresse: _____

Føresette: _____

Vi er no bekymra for dette barnet og den vidare utviklinga av tannhelsa.

Bakgrunn for bekymrings meldinga: _____

Når oppsto bekymring: _____

Kva er eventuelt gjort så langt: _____

Barnet si åtferd: _____

Ikkje møtt til timeavtalar følgjande datoar: _____

Samarbeid med føresette? Er føresette informert?: _____

Hadde barnet fylgje til tannklinikken?: _____med kven?: _____

Skildring av funn og observasjonar: _____










Med venleg helsing tannklinikken _____

Tannlege/tannpleier _____

Forslag til spørsmål barnevernstenesta kan stille tannhelse-tenesta i ein undersøkingsfase.

Punkta er rettleiande

- Når var barnets fyrste besøk på tannklinikken?
- Har barnet møtt regelmessig til avtalar?
Dersom nei:
 - Når og kor mange gongar har barnet uteblitt frå avtalar?
 - Er det meldt avbod i forkant av timen?
 - Er det oppgitt bakgrunn for det manglande oppmøtet?
- Har barnet hatt fylgje til tannklinikken og kven har i tilfelle fylgt barnet?
- Korleis opplever du samspelet mellom barnet og føresette på tannklinikken?
- Korleis opplever du barnet i behandlingssituasjonen, har det avvikande åtfærd?
- Korleis opplever du barnet sin generelle hygiene?
- Korleis er barnet sin tannhelse?
- Korleis er barnet sin munnhygiene?
- Har det vore behov for å ekstra opplæring i munnhygiene og tett oppfølging av barnet?
Dersom ja:
 - Opplever du at føresette/ barnet har tatt opplæringa på alvor?
 - Opplever du at føresette er samarbeidsvillige?
 - Opplever du at føresette fylgjer opp tiltak som blir iverksett eller anbefala av tannhelsepersonellet?
 - Har munnhygien til barnet vorte betre?
- Har barnet møtt til akutt tannbehandling ved traume/skade på tenner /kjeve?
- Er det nokon gong dokumentert blåmerke / skade på barnet når det har møtt til tannbehandling?
Dersom ja:
 - Er skade /traume / blåmerke dokumentert med foto?
- Har barnet nokon gong fortalt om forhold i heimen som kan gje grunn til bekymring?
- Har tannhelsepersonell kjennskap til forhold i familien som kan ha negativ innverknad på korleis barnet har det?
- Korleis er frammøte for søsken?





HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Den offentlege tannhelsetenesta